# Tilstandsrapport for grunnskulen i Vanylven skuleåret 2020/2021

«I Vanylven
skal barn og unge
vekse opp i tryggleik og
trivsel.
Med tid og omsorg skal
dei ta til seg kunnskap,
lære om livet
og verte
gode medmenneske!»



# Innhold

Innleiing v/kommunalsjef ........ 3
Status 2020-2021 ........ 4
Satsingsområder for grunnskulane i Vanylven ........ 7
Stortingsmelding 6 og arbeid med pilot ........ 8
Resultat nasjonale prøver i Vanylven ........ 8
Nasjonale prøver 5.trinn ........ 8
Nasjonale prøver 8. og 9.trinnet: ........ 9
8.trinnet i Vanylven kommune ........ 9
9.trinnet i Vanylven kommune ........ 10
Læringsmiljø ........ 12
Arbeid med Oppvekstprofil for Vanylven for 2021 ........ 15
Sluttresultat våren 2020/2021 ........ 15
Grunnskulepoeng: ........ 16
Skulebidrag: ........ 17
Skulebidrag småskuletrinnet: ........ 17
Skulebidrag mellomtrinnet: ........ 18
Skulebidrag ungdomstrinnet: ........ 18
Oppsummering og mål. ........ 18

# Innleiing v/kommunalsjef

Kvalitetsplan for barn og unge (2019-2021) er eit styringsdokument mellom nasjonale føringar, kommuneplan og einingane sine verksemdsplanar, samt andre planar som rettar seg mot målgruppa barn og unge. Kvalitetsplanen skal peike på kva for retning tenestane for barn og unge skal bevege seg i. Planen skal sørgje for at tenestene våre støtter opp under at barn og unge opplever livsmestring både no og seinare i liva sine.

Hovudprioritet i perioden 2021/22 – 2024/25:

- lesing i alle fag og på alle trinn. Alle lærarar er leselærarar i sine fag.
- Arbeid med inkludering gjennom elevens stemme og elevens bestevurdering

Iflg opplæringslova §13-10 skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa. I st.meld nr 31 2007-2008 Kvalitet i skolen punkt 4.5.3 Krav til årlig tilstandsrapport heiter det i innleiinga: «Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».



## Status 2020-2021

Elevtalet i Vanylven minkar og dette gjer at fleire årstrinn blir slått saman. I Vanylven har vi valt å verne om dei grunnleggande ferdigheitene og derfor blir det viktig å ta omsyn til basisfaga i opplæringa. Basisfaga norsk, engelsk og matematikk blir så langt som råd skjerma for samanslåing over trinn.




Denne praksisen gjev ei stor spennvidde på nivå hjå dei ulike klassene. For å få god tilpassa undervisning krev det grundig planlegging og andre undervisningsmetodar enn tidlegare, blant anna pedagogisk bruk av IKT.

I Vanylven har vi tre barnehagar og tre skular. Politikarane har hittil valt å prioritere tenestetilbod i Syvde, Fiskå og Åheim. Desse tre stadane ligg spreitt i kommunen og gjev elevar ein høveleg avstand til nærskulen.

Eit lågt elevtal og tre einingar gir utslag på driftsutgifter.

**Økonomi grunnskule Vanylven 2016 – 2020**

- Driftsutgifter per elev
- Lønnsutgifter per elev
- Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter
- Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev
- Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/okonomi-grunnskole/?rapportsideKode=GSK_Oek&filtre=IndikatorID(-129_-128_-127_-126_-125)_KommuneID(-28_-12_262)_TidID(201612_201712_201812_201912_202012)&radsti=F

Vanylven sine tal samanlikna med kommunar i kostragruppe2, Møre og Romsdal viser:

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/okonomi-grunnskole/?rapportsideKode=GSK_Oek&filtre=IndikatorID(-129_-128_-127_-126_-125)_KommuneID(-28_-12_262_264_271_287_288)_TidID(202012)&radsti=F

- Driftsutgifter per elev samt lønsutgifter per elev ligg Vanylven høgare enn dei andre i kommunegruppa vår.
- Prosentandel lønsutgifter av totale utgifter ligg vi litt over samanlikna med dei andre i kommunegruppa vår.
- Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev og Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev ligg midt på samanlikna med dei andre kommunane i kommunegruppa vår.

**Lærartettleik Vanylven alle trinn, 1.-4.klasse, 5.-7.klasse og 8.-10.klasse**

**Alle trinn - lærartettleik i ordinær undersvisning skuleåret 2016/17 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-for-larertetthet-i-grunnskolen/?rapportsideKode=GSK_Laerertetthet&filtre=EnhetID(-298_-28_-12)_KommunalitetID(-10)_TidID(201610_201710_201810_201910_202010)_TrinnGruppeID(-10)&radsti=F

*Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.*

**1.-4.klasse - lærartettleik i ordinær undersvisning skuleåret 2016/17 – 2020/21**

**https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-for-larertetthet-i-grunnskolen/?rapportsideKode=GSK_Laerertetthet&filtre=EnhetID(-298_-28_-12)_KommunalitetID(-10)_TidID(201610_201710_201810_201910_202010)_TrinnGruppeID(15)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)**

**5.-7.klasse - lærartettleik i ordinær undersvisning skuleåret 2016/17 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-for-larertetthet-i-grunnskolen/?rapportsideKode=GSK_Laerertetthet&filtre=EnhetID(-298_-28_-12)_KommunalitetID(-10)_TidID(201610_201710_201810_201910_202010)_TrinnGruppeID(16)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)

**8.-10.klasse - lærartettleik i ordinær undersvisning skuleåret 2016/17 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-for-larertetthet-i-grunnskolen/?rapportsideKode=GSK_Laerertetthet&filtre=EnhetID(-298_-28_-12)_KommunalitetID(-10)_TidID(201610_201710_201810_201910_202010)_TrinnGruppeID(14)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)

*Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 4., 5.-7., og 8.-10.trinn og på skulenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.*

## Spesialundervisning 2018/19 - 2020/21

Spesialundervisning §5-1 har siste tre åra variert mellom 7,63 % - 8,42%. Kommunar som vi kan samanlikne oss med ligg både lågare og høgare i andel spesialundervisning. Vanylven kommune ligg under snittet for Møre og Romsdal.

Vanylven har rigga ei ordning som kallast fleksibel ressurs. Denne ressursen blir sett direkte inn i dei utfordringane som blir fanga opp etter:

- ulike kartleggingar
- som tiltak i aktivitetsplikt etter §9A

Ofte er dette intensive tiltak på 6-8 veker for å hjelpe til og stoppe ei skeivutvikling som kanskje vil føre til spesialpedagogisk undervisning etter §5-1.

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/tall-om-elever-og-skoler/?rapportsideKode=GSK_Elev_Skol&filtre=EnhetID(-324_-323_-307_-300_-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_KommunalitetID(-10)_SpoersmaalID(1_2_3_5)_TidID(201810_201910_202010)_TrinnID(-10)&radsti=F

  

**Elevtal vidare:**

| | **Myklebust** | **Åheim** | **Fiskå** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|
| *2021/2022* | 110 | 75 | 80 | 265 |
| *2022/2023* | 113 | 70 | 80 | 263 |
| *2023/2024* | 122 | 68 | 80 | 260 |

## Satsingsområder for grunnskulane i Vanylven

Kvalitetsplanen Plan for barn og unge er bygd opp rundt tre tverrfaglege område:

- Folkehelse og livsmeistring
- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling

Dei er henta frå overordna del for skule og rammeplan for barnehagen.

Barnehagen har arbeidd med utforming og å implementere lokal rammeplan og skulane innfører ny læreplan. I dette arbeidet er satsingsområda i Vanylven:

- ➢ Språk, kommunikasjon og lesing
- ➢ Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM)
- ➢ Digital kompetanse

## Stortingsmelding 6 og arbeid med pilot

Kultur og oppvekstkontoret er med i ein pilot med temaet inkludering og i oppdragsbrev «2019-017 *om piloter for mer inkluderande praksis i barnehage, skole og SFO – del 2: utprøving og forsking på modeller* viser vi til aktuelle tema for modeller er




- PPT sit førebyggande arbeid. Her ser vi på korleis vi kan jobbe med sakkunnig vurdering og bruk av fleksible ressursar utan at det er vedtak etter sakkunnig vurdering.
- Tverrfagleg samarbeid, nye måtar å organisere tenestene barn og unge på.

I dette prosjektet skal vi gi kunnskap om kvifor tiltaka prøvast ut har effekt/ ikkje har effekt, samt korleis tiltaka blei forankra og implementert. Vi skal ferdigstille prosjektet innan 2023. Udir har utnemnt høgskulen i Østfold som følgeforsker på prosjektet vårt. Vi har også kopla på høgskulen i Volda gjennom dekomp/rekomp og Statped gjennom Kompetanseløftet.

Familie og læringssenter (FLS) er i drift frå 1.8.20.

## Resultat nasjonale prøver i Vanylven

Nasjonale prøver blei gjennomført haust 2020. Planlegging, gjennomføring og evaluering gjekk som normalt trass Covid-19.

## Nasjonale prøver 5.trinn

Nasjonale prøver for er ei kvantitativ undersøking som vil gi informasjon om korleis stoda er hos 5.klassingane i Noreg. I Vanylven har vi få elevar og dette kan gi utslag i store variasjon frå år til år. Lenka under viser korleis resultatet er i Noreg, i Møre og Romsdal, i Vanylven og på skulenivå. Grunna lågt elevtal er nokre av resultata skjerma. Skalapoeng 50 er gjennomsnittet nasjonalt.

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-5.-trinn/?rapportsideKode=GSK_NP_Geo_Trinn5&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_ProevetypeID(1_2_3)_SkoleAarID(20202021)_VisAntallRaderDeltatt(0)_VisDeltakelsestatusfordeling(0)_VisMaaltall(0)_VisMestringsnivaafordeling(1)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)

**Kommentarar**

**Engelsk:** elevane 5.klasse i Vanylven ligg på 50 skalapoeng som er snittet nasjonalt og i Møre og Romsdal.

**Rekning i alle fag:** elevane 5.klasse i Vanylven ligg på 49 skalapoeng som er eitt skalapoeng under snittet nasjonalt og i Møre og Romsdal.

**Lesing i alle fag:** elevane i 5.klasse i Vanylven ligg på 45 skalapoeng som er fem skalapoeng under snittet nasjonalt og fire skalapoeng under snittet i Møre og Romsdal. Utifrå statistikken ser ein at mange elevar ligg på nivå 2. Resultatet på nivå 1 og nivå 3 er skjerma.

Mål for Vanylven kommune i nasjonale prøver 5.klasse:

- Engelsk: oppretthalde resultata
- Rekning i alle fag: løfte elevane til det nasjonale snittet
- Lesing i alle fag: løfte elevar frå nivå ein til nivå to og å løfte elevar frå nivå to til nivå tre. Lesing er eit satsingsområde.

**Resultat nasjonale prøver 5.klasse 2018/19 – 2019/20 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-5.-trinn/?rapportsideKode=GSK_NP_Geo_Trinn5&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_SkoleAarID(20182019_20192020_20202021)_VisAntallRaderDeltatt(1)_VisDeltakelsestatusfordeling(0)_VisMaaltall(0)_VisMestringsnivaafordeling(0)&radsti=F

# Nasjonale prøver 8. og 9.trinnet:

## 8.trinnet i Vanylven kommune

Nasjonale prøver for er ei kvantitativ undersøking som vil gi informasjon om korleis stoda er hos 8.klassingane i Noreg. I Vanylven har vi få elevar og dette kan gi utslag i store variasjon frå år til år. Lenka under viser korleis resultatet er i Noreg, i Møre og Romsdal, i Vanylven og på skulenivå. Skalapoeng 50 er gjennomsnittet nasjonalt.

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-8.-og-9.-trinn/?rapportsideKode=GSK_NP_Geografisk&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_ProevetypeID(1_2_3)_SkoleAarID(20202021)_TrinnID(7)_VisAntallRaderDeltatt(1)_VisDeltakelsestatusfordeling(0)_VisMaaltall(0)_VisMestringsnivaafordeling(1)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)

**Kommentarar**

**Engelsk:** Elevane i 8.klasse 2020/21 i Vanylven ligg på 46 skalapoeng. Dette er fire skalapoeng under det nasjonale snittet og snittet i Møre og Romsdal.

**Rekning i alle fag:** elevane 8.klasse 2020/21 ligg på 47 skalapoeng. Dette er tre skalapoeng under det nasjonale snitte og to skalapoeng under snittet i Møre og Romsdal.

**Lesing i alle fag:** elevane i 8.klasse 2020/21 ligg på 47 skalapoeng. Dette er tre skalapoeng under det nasjonale snitte og to skalapoeng under snittet i Møre og Romsdal.

Resultata på skulenivå er skjerma grunna få elevsvar.

**Resultat nasjonale prøver 8.klasse 2018/19 – 2019/20 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-8.-og-9.-trinn/?rapportsideKode=GSK_NP_Geografisk&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_ProevetypeID(1_2_3)_SkoleAarID(20182019_20192020_20202021)_TrinnID(7)_VisAntallRaderDeltatt(1)_VisDeltakelsestatusfordeling(0)_VisMaaltall(0)_VisMestringsnivaafordeling(0)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)

## 9.trinnet i Vanylven kommune

Nasjonale prøver for er ei kvantitativ undersøking som vil gi informasjon om korleis stoda er hos 9.klassingane i Noreg. I Vanylven har vi få elevar og dette kan gi utslag i store variasjon frå år til år. Lenka under viser korleis resultatet er i Noreg, i Møre og Romsdal, i Vanylven og på skulenivå. Skalapoeng 54 er gjennomsnittet nasjonalt for lesing i alle fag og 53 for rekning i alle fag.

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-8.-og-9.-trinn/?rapportsideKode=GSK_NP_Geografisk&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_ProevetypeID(1_2)_SkoleAarID(20202021)_TrinnID(8)_VisAntallRaderDeltatt(1)_VisDeltakelsestatusfordeling(0)_VisMaaltall(0)_VisMestringsnivaafordeling(0)&radsti=F

### Kommentarar

Det er viktig å peike på at det er ikkje noko endring i vanskegrad på kartleggingane frå 8.til 9.trinn. 9.trinnet får ikkje den same prøva som dei hadde då dei gjekk i 8. men årets nye kartlegging med tilsvarande vanskegrad som 8.trinnet.

**Rekning i alle fag:** elevane 9.klasse 2020/21 ligg på 55 skalapoeng. Dette er to skalapoeng over det nasjonale snittet og snittet i Møre og Romsdal

**Lesing i alle fag:** elevane i 9.klasse 2020/21 ligg på 53 skalapoeng. Dette er eitt skalapoeng under det nasjonale snittet og same snitt som Møre og Romsdal.

**Resultat nasjonale prøver 9.klasse 2018/19 – 2019/20 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-8.-og-9.-trinn/?rapportsideKode=GSK_NP_Geografisk&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_ProevetypeID(1_2_3)_SkoleAarID(20182019_20192020_20202021)_TrinnID(8)_VisAntallRaderDeltatt(1)_VisDeltakelsestatusfordeling(0)_VisMaaltall(0)_VisMestringsnivaafordeling(0)&radsti=F!(1)_(*)_(1.14.*)_(1.*)

**8.klasse 2019/20 og 9.klasse 2020/21 er same elevgruppa**

**Utvikling lesing i alle fag**

Elevar 8.klasse i Vanylven 2019/20 låg på 54 skalapoeng. Dette er fire skalapoeng over det nasjonale snittet og fem skalapoeng over snittet i Møre og Romsdal.

Elevar 9.klasse i Vanylven 2020/21 låg på 53 skalapoeng. Dette er eitt skalapoeng under det nasjonale snittet og same nivå som snittet i Møre og Romsdal.

Viser at ein har klart å halde på det høge nivået frå 8.klasse til 9.klasse.

**Utvikling rekning i alle fag**

Elevar 8.klasse i Vanylven 2019/20 låg på 50 skalapoeng. Dette er same snitt som det nasjonale og eitt skalapoeng over snittet i Møre og Romsdal.

Elevar 9.klasse i Vanylven 2020/21 låg på 55 skalapoeng. Dette er to skalapoeng over snittet nasjonalt og snittet i Møre og Romsdal.

Viser ei god utvikling i rekning i alle fag frå 8.klasse 2019/20 til 9.klasse 2020/21.

## Læringsmiljø



«I arbeidet med kvalitetsplanen Plan for barn og unge har Vanylven kommune vedtatt å arbeide med inkluderande barnehage- og skulemiljø gjennom satsinga IBSM, pulje 4. I handlingsplanen for barn og unge, vedtatt i juni 2021 står det fylgjande:

Punkt 2:

- «Familie og læringssenteret er eit tverrfagleg kompetansemiljø som styrker laget rundt barn og unge. Fagmiljøet arbeider både med individ – og systemisk tilnærming. Fokus på psykisk helse og krevjande læringsmiljø».
- «Arbeide med inkluderande barnehage og skulemiljø. Delta i den nasjonale satsinga IBSM (Inkluderande barnehage – og skulemiljø)
- «Vidare arbeid med struktur og rutinar gjennom betre tverrfagleg samarbeid (BTS).

Her ønskjer vi å vise til Stortingsmelding 6 (2019-2020) «tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO» som ei ledestjerne. Gjennom organisering av Familie- og læringssenteret der tenester for barn og unge er samla, deltaking i satsinga Inkluderande barnehage og skulemiljø og vidare arbeid med struktur og rutinar gjennom betre tverrfagleg samarbeid (BTS) ønskjer vi å skape eit lag rundt barnet der dei opplever seg ivaretatt og får utvikle seg i eit lærande miljø.

**Elevundersøking 2020/21**

I Vanylven kommune gjennomfører 5.-10.klasse elevundersøkinga. Undersøkinga er obligatorisk for 7.klasse og 10.klasse. Lenka under viser resultatet for 7.klasse og 10.klasse i Vanylven, Møre og Romsdal og nasjonalt.

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/resultater-fra-elevundersokelsen-pa-7.-og-10.-trinn/elevundersokelsen--laringsmiljo/?rapportsideKode=GSK_EU_resultater&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_IndikatorID(-63_-34_-29_-27_-25_-23_-21_-19_-17_-15_-13)_KjoennID(-

10)_TidID(202101)_TrinnID(6_9)_VisStandardavvik(0)_VisSvarprosent(0)&radsti=F!(1_6_23_28_54_65_76_87_101_119_270)_(*)_(76.*)

Vi tenkjer at elevundersøkinga blei planlagd, gjennomført og evaluert utan at Covid-19 pandemien påverka svara.

**Kommentarar til elevundersøkinga skuleåret 20/21 for 7.trinn i Vanylven**

- Svarprosent: varierer mellom 91,4% til 100% mellom ulike spørsmål. Det vil seie at alle elevar i 7.klasse har deltatt. Nokre elevar har ikkje svart på alle spørsmåla.
- Læringskultur, felles reglar, trivsel, motivasjon, støtte frå læraren og støtte heimanfrå er indikatorar som må jobbast med skuleåret 2021/22.
- Meistring: elevane svarer likt med snittet nasjonalt og i Møre og Romsdal

**Kommentarar til elevundersøkinga skuleåret 20/21 for 10.trinn i Vanylven**

- Svarprosent: varierer mellom 90% til 100% mellom ulike spørsmål. Det vil seie at alle elevar i 10.klasse har deltatt. Nokre elevar har ikkje svart på alle spørsmåla.
- Trivsel: elevane svarer likt med snittet nasjonalt og i Møre og Romsdal
- Elevane i Vanylven er godt nøgde med utdanning og yrkesveiledninga ein får. Her svarar elevane i Vanylven 0,2 over snitt for nasjonalt og Møre og Romsdal
- Støtte frå lærarane: elevane i Vanylven ligg 0,1 over snitt nasjonalt og i Møre og Romsdal

**Kommentarar til elevundersøkinga skuleåret 20/21, felles for 7.klasse og 10.klasse**

- Elevane ynskjer betre arbeidsro i undervisningstimane
- Elevdemokrati er eit emne som må jobbast med skuleåret 2021/22 og framover. Det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap er frå hausten 2020 faga definert i Kunnskapsløftet 2020.
- Begge årstrinna svarer at ein får passelege faglege utfordringar. Dette samsvarer med indikatoren meistring, elevane opplever meistring både på skulen og med heimearbeid.

**Utvikling 2019/20 og 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/resultater-fra-elevundersokelsen-pa-7.-og-10.-trinn/elevundersokelsen--laringsmiljo/?rapportsideKode=GSK_EU_resultater&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_IndikatorID(-63_-34_-29_-27_-25_-23_-21_-19_-17_-15_-13)_KjoennID(-10)_TidID(202001_202101)_TrinnID(6_9)_VisStandardavvik(0)_VisSvarprosent(0)&radsti=F!(1_6_23_28_54_65_76_87_101_119_270)_(*)_(76.*)

**Kommentarar til elevundersøkinga samanlikning skuleåret 2019/20 og 2020/21, Vanylven**

7.klasse:

- I følgje elevundersøkinga opplever elevane betre læringskultur, betre trivsel og meir støtte frå lærarane i 2019/20 enn i 2020/21.
- I følgje elevundersøkinga opplever elevane større faglege utfordringar (læringstrykk) i 2020/21 enn i 2019/20.
- Elevdemokrati, meistring, støtte frå lærarane og støtte heimanfrå ligg på om lag same nivå begge skuleåra i Vanylven
- Elevdemokrati ligg lågare enn det nasjonale snittet og snittet til Møre og Romsdal begge skuleåra.

10.klasse:

- I følgje elevundersøkinga opplever elevane betre læringskultur, elevdemokrati og medverknad og støtte heimanfrå i 2019/20 enn i 2020/21.
- I følgje elevundersøkinga opplevde elevane betre faglege utfordringar (læringstrykk) og støtte frå lærarane i 2020/21 enn 2019/20.

## Arbeid med Oppvekstprofil for Vanylven for 2021

file:///H:/Citrixinnhald/Nedlastingar/Oppvekstprofil-2021-nn-1511-Vanylven.pdf

*Oppvekstprofil for Vanylven kommune 2021* (utgitt av Folkehelseinstituttet) er eit dokument som viser litt av Vanylven kommune sine styrker og utfordringar med tanke på eit godt oppvekstmiljø for barn og unge si utvikling. Temaet for profilane i år er trivsel, læring og gjennomføring i skulen.

Gjennom FLS sitt arbeidet med Oppvekstprofilen jobbar tenestene for barn og ungdom med å finne ei felles forståing om kva felt som bør styrkast for å få effekt og opplevd betring hjå barn og unge i Vanylven.

Nokre av dei punkta vi har sett opp som skal styrkast enda meir er:

- Fysisk aktivitet og/eller i organisert aktivitet
- Trygge nærmiljø
- Venskap
- Kap 9A – låg terskel
- God overgang frå 10.trinn til hybellivet/vidaregåande skule

Nokre av dei punkta vi må jobbe med er:

- Informasjon og haldningsskapande arbeid. Trygge vaksne skaper trygge barn
- Foreldretreffpunkt

Det å bruke Oppvekstprofil for å sette felles fokusområde og utvikle eit godt systemarbeid vil truleg gi utslag på elevundersøkinga vidare.

## Sluttresultat våren 2020/2021

Standpunktkarakter og karakter frå eksamen i grunnskulen utgjer sluttvurdering. Denne vurderinga gjev informasjon om kompetanse eleven har nådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverka. 10.trinn vår 2021 er den siste elevgruppa der Kunnskapsløftet 2006 blir nytta. Sjølv om skuleåret 2020/21 har vore prega av Covid-19 pandemien, har elevane 10.trinn i Vanylven har gjennomført all undervisning fysisk på

skulen. Fråvær har vore noko større enn normalt, sidan det har vore låg terskel for å halde seg heime. Våren 2021 blei det ikkje gjennomført eksamen for 10.trinnet. Det blei nytta standpunktkarakter på vitnemålet og dei ser du på tabellen under.

**Standpunktkarakterar 2018/19 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/grunnskolekarakterer/?rapportsideKode=GSK_GSKarakterer&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_FagID(1202_1389_1531_1833_2030_2556_2618_2676_2831_3349_3667_3703_3709_29027)_KaraktertypeID(1)_KjoennID(-10)_TidID(201906_202006_202106)_VisAntallPersoner(0)_VisKarakterfordeling(0)&radsti=F

Elevane i Vanylven har jamt over gode resultat på standpunktkarakterane sine. Med låge elevtal gjer at talla, statistisk sett ikkje er valide,  men vi vel å ta med resultat over fleire år slik at de ser trenden.

**Eksamenskarakterar 2016/17 – 2018/19**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/grunnskolekarakterer/?rapportsideKode=GSK_GSKarakterer&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_FagID(1389_1531_2556_2676_2831_3703)_KaraktertypeID(3)_KjoennID(-10)_TidID(201706_201806_201906)_VisAntallPersoner(0)_VisKarakterfordeling(0)&radsti=F

Elevane i Vanylven kommune har hatt eksamenskarakter som ligg tett opp til standpunktkarakter noko som fortel oss at den interne vurderinga er om lag som den eksterne vurderinga. Dette er ei viktig rettesnor for kvaliteten på vurderingsarbeidet.

Merk: det er ikkje eksamensresultat for våren 2020 og våren 2021 grunna Covid-19 pandemi.

## Grunnskulepoeng:

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum der alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet er med. Talet grunnskulepoeng er grunnlaget for opptak til vidaregåande skule.

**Grunnskulepoeng 2017/18 – 2020/21**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/grunnskolepoeng/?rapportsideKode=GSK_GSPoeng&filtre=EierformID(-10)_EnhetID(-298_-28_-12)_KjoennID(-10)_TidID(201806_201906_202006_202106)_VisAntallPersoner(1)&radsti=F

## Skulebidrag:

I følgje Utdanningsdirektoratet så er skulebidrag følgande:

*«Hver elev som begynner på en grunnskole har med seg mange forutsetninger som påvirker resultatene han eller hun får. Det er derfor uklart hva vi kan tilskrive skolens innsats. For hva betyr egentlig lærernes evne til å formidle fag og motivere elevene, og skolens arbeid med læringsmiljøet og tilpasset opplæring, for elevenes resultater? Det er nettopp skolens innsats skolebidragsindikatorene forsøker å vise.*

*For å kunne måle skolens bidrag, må vi skille ut den delen av læringsresultatet som skyldes de forutsetningene elevene har med seg. Skolebidraget kontrolleres for tidligere elevprestasjoner. I tillegg kontrolleres det for foreldrebakgrunn (foreldrenes utdanningsnivå, husholdningsinntekt og elevenes innvandringsbakgrunn).»*

https://statistikkportalen.udir.no/api/rapportering/rest/v1/Tekst/visTekst/156810?dataChanged=2021-11-02_162734

https://statistikkportalen.udir.no/api/rapportering/rest/v1/Tekst/visTekst/156811?dataChanged=2021-11-02_162734

### Skulebidrag småskuletrinnet:

**2017/18 – 2019/20**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/skolebidrag-barnetrinnet/?rapportsideKode=GSK_Skolebidrag_B&filtre=EierformID(8)_EnhetID(-298_-28_-12)_IndikatorID(-177_604_605)_TidID(201806_201906_202006)_TrinnGruppeID(15)&radsti=F

Kommentar:

Dersom skulebidragstalet ligg på 0 så fortel det oss at det er samsvar mellom det resultatet som blir forventa og det som er nådd. I indikator-rettleiinga til verktøyet skulebidrag står det at dette er eit mål på kor mykje skulen har bidratt med til elevane si læring i dei grunnleggande ferdigheiter/fag som skal testast på nasjonale prøver på 5.trinnet. Vi ser at skulebidragstalet på småskuletrinnet er negativt, noko som viser at vi ligg rett under det som er forventa etter kriterier sett frå Udir.

## Skulebidrag mellomtrinnet:

**2017/18 – 2019/20**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/skolebidrag-barnetrinnet/?rapportsideKode=GSK_Skolebidrag_B&filtre=EierformID(8)_EnhetID(-298_-28_-12)_IndikatorID(-177_604_605)_TidID(201806_201906_202006)_TrinnGruppeID(16)&radsti=F

Kommentarer:

Vanylven kommune er nøgd med indikator på 2,5 hjå mellomsteget. Her har vi god uttelling mtp forventa og faktisk utbytte i skalapoeng.

## Skulebidrag ungdomstrinnet:

**2017/18 – 2018/19**

https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/skolebidrag-ungdomstrinnet/?rapportsideKode=GSK_Skolebidrag_U&filtre=EierformID(8)_EnhetID(-298_-28_-12)_IndikatorID(-177_604_605)_TidID(201806_201906)&radsti=F

Merk: statistikk for skulebidrag ungdomstrinnet er ikkje klart per 2.11.21

Kommentarer: Vi ser no at skulebidragstalet for skulåret 2018/2019 er positiv og har verdien + 0,3.

# Oppsummering og mål.

Oppvekstsektoren i Vanylven kommune har lagt til rette og jobba godt gjennom skuleåret 2020/21. Alle tre skulane starta hausten 2020 med smittevern på gult nivå.

Frå måndag 4.januar – tysdag 19.januar 2021 vart det nasjonale tiltaksnivået auka frå gult til raudt på ungdomsskulane. Barne – og ungdomsskulane i Vanylven, Myklebust skule og

Åheim skule, vart i denne perioden drifta på raudt nivå, medan Fiskå skule vart drifta på gult nivå.

Alle tre skulane i Vanylven har vore opne og gjennomført all undervisning fysisk dette skuleåret. Elevar og tilsette har hatt auka fråvær. Det er sannsynleg at det har påverka resultat for 2020/21 og vidare for komande skuleår.

Elevar, føresette og tilsette har vist stor fleksibilitet og endringskapasitet gjennom skuleåret!

**Mål for 2021/22:**

- Hovudprioritet er lesing på småskulesteget, mellomsteget og ungdomssteget. Lesing er verktøyet elevane treng for å gjennomføre grunnskule og eit vidaregåande løp for å bli sjølvstendige borgarar i samfunnet vårt. Med systematisk arbeid skal vi heve snittet på nasjonale prøver i lesing på 5.trinnet og 8.trinnet i Vanylven. Målet er å vere på det nasjonale snittet. Auka lesekompetanse vil truleg gje effekt på indikatoret for rekning også.
- Halde Vanylven på landsnittet i nasjonale prøver i engelsk på 5.og 8.trinn.
- Eit inkluderande og raust barnehage- og skulemiljø. Implementere satsinga til Udir. IBSM i alle skular og barnehagar. Det vil forsterke tankegong kring Opplæringslova Kapittel 9A, Elevane sitt skulemiljø og låg terskel.
- Elevdemokrati og medverknad er eit punkt i elevundersøkinga der elevane kan skåre betre. Framover ha fokus på temaet demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i Fagfornyinga.
- Implementere elevens bestevurdering og elevens stemme i skulane.
- UngData og UngDataJunior gjennomførast februar 2022.

Vi tenkjer at eit arbeid på systemnivå leia av FLS med pilot frå Stortingsmelding 6 og Oppvekstprofil vil vere viktige byggesteiner og saman med systemarbeid som er ute på einingane så vil vi bygge eit godt oppvekstmiljø for barn og unge i Vanylven.

Involvering og medverknad i utarbeidinga av rapporten:

- Kunnskapsgrunnlaget blei brukt gjennom involverande prosessar med barn, elevar og foreldre i arbeidet med barnehage – og skulebruksnotat

- Styrar- og rektormøte
- Administrasjon på kultur- og oppvekstkontoret
- Dei ulike utvala: ungdomsråd, livsløpsrådet, formannskap og kommunestyret.

Vedlegg:

- Forventningsbrev 2021 – statsforvaltaren i Møre og Romsdal sine forventningar til kommunen.
- Vanylven kommune - ein plan for IBSM